

# Uventa ikkje-palatal *n* av *nd* i nordnorsk<sup>1</sup>

## Typen *gandr* > /ga:n/

Av Eldar Heide

*Artikkelen drøftar unntak frå regelen om at nd i trykkstilling blir palatal n i nordnorsk. Forfattaren peikar på at ikkje-palatal n er normal vokster etter gammalnorsk lang vokal, og forklarar særvoksteren i andre ord med at dei har fått vokalforlenging føre nd. Vokalforlenging i slik stilling er kjent frå mange mål i Norden, viser han til. Liknande særvokster i ord som kald adj. og barn n. blir forklart på same måten. Forfattaren drøftar òg Helge Sandøy si avvising av vokalforlenging føre konsonantgruppe. Konklusjonen blir at vokalforlenging er tvillaus føre mange konsonantgrupper, men at Sandøy er inne på det rette når det gjeld vokalismen føre ng og nk. Der har velaren løfta føregåande vokal eller gjevi han eit høgt tillegg, slik at dagens former ofte har vokalisme tilsvarende det som kjem av lang vokal. Artikkelen hentar materiale frå målføregrammatikkar, og bygger elles fyrst og fremst på lydlovsresonnement.*

### 1 Problemet

Nordnorsk har i regelen palatal *n* av gammalnorsk *nd*, såleis t.d. /lɑ:n/ eller /la:n/ *n*. < *land*; /sʊ:n/ eller /sup/, *n*. < *sund*; /se:n/ (-/e/, -/a/) vb. < *senda*, /gri:n/ f. < *grind*. Men det er ein heil del unntak frå dette. Frå Brønnøy sørst på Helgeland har Olssen notert /ga:n/ m. < *gandr*, /a:n/ f. < *ǫnd* ‘and’, /sa:n/ m. < *sandr*, /stra:n/ f. < *strǫnd*, /ra:n/ < *rǫnd*, /bu:ni/<sup>2</sup> m. < *bóndi*, /sʊ:n/ adj. ‘helsesam’ (Olssen 1958: 19, 63) < \**sund*(r?), frå mellomlågtsk *sunt*. Frå Vefsn har Riksheim /ga:n/, /a:n/, /sa:n/, /stran/ el. /stra:n/, /ron/, /<sup>2</sup>bune/, /su:n/ adj. ‘helsesam’, /vo:n/ adj. ‘vond’, /<sup>1</sup>oner/ m. ‘ski’ < *ǫndurr*, /<sup>2</sup>eʌbra:n/ ‘eldbrann’, /<sup>2</sup>a:neʃ/ ‘mannsnamn’ (Riksheim 1921: 15, 52). Frå Salten nemner Skånlund berre /bu:n/ m. < *bóndi* og /u:n/, adj. ‘vond’ < *vándr* (Skånlund 1933: 73). Eg finn ingen døme på denne ovringa i Christiansen si skildring av Gimsøy-målet (Lofoten) (Christiansen 1933) eller Elstad si skildring av borgfjerdingmålet (Lofoten) (Elstad 1982), og heller ikkje i Iversen si skildring av Senjamålet (Iversen 1913). Men /u:n/ ‘vond’ er kjent frå både Vesterålen og Troms (munnl.

oppl. Finn Myrvang, Bø; Roger Lockertsen, Tromsø; Aud-Kirsti Pedersen, Kvaløya), og frå yttersida av Kvaløya i Troms kjenner eg til at det heitte /rʉ:n/ adj. ‘ringforma’ i eldre mål (Munnl. oppl. Aud-Kirsti Pedersen, Kvaløya), av mellomlågtyisk *runt*.<sup>3</sup>

Nærare etterrøking ville nok gje fleire belegg i Nord-Noreg. Men det er tydeleg at det særleg er Helgeland som har unntak frå regelen om gammalnorsk *nd* > palatal *n*. Trøndelag har same voksteren i /<sup>2</sup>bu:ne/ og /u:n/ (munnl. oppl. Arnold Dalen).

## 2 Løysingsframlegg

Eg kjenner ikkje til at nokon har forklart denne særvoksteren. Dei granskarane eg har nemnt, seier berre at det er unntak. Eg trur nøkkelen til forklaringa ligg i ein ting Skånlund peikar på: “Etter g[ammel]no[rsk] lang vok[al] inntretr palataliseringen ikke: *bōn* m. < *bóndi*, *ōn*, adj. < *vánder*” (Skånlund 1933: 73).<sup>4</sup> Til Skånlund sine døme kan leg-gast stadnamnet /<sup>2</sup>tru:nes/ (ikkje \*/<sup>2</sup>trupnes/) i Sør-Troms (skriv i *Trondenes*), av gammalnorsk *Þróndarnes*, *Þrándarnes*. Dessverre har eg ikkje klart å finne fleire døme med gammalnorsk lang vokal + *nd*; det var få slike.<sup>5</sup> Men det ser ut som vi finn same tendensen i ord av gammalnorsk lang vokal + *ld*. Dei er enda færre, men *sáld* n. ‘sáld’ er i Vefsn /sol/,<sup>6</sup> ikkje \*/soʎ/, med palatal, slik dei orda har som kjem av gammalnorsk kort vokal + *ld*.<sup>7</sup> Den same tendensen ser vi i Inn-Trøndelag, der t.d. *kveld*, som hadde kort vokal, er vorti /kveʎ/ m., men *sáld* er vorti /so:l/, og verbet som høyrer til, *sælda*, er vorti /se:l/ (munnl. oppl. Arnold Dalen). Også *rn* får særvokster etter lang vokal mange stader. Etter kort vokal er *rn* anten bevart som *rn* eller som palatal *n* (*rn* vanlegast som éin, retroflektert lyd, men i eldre mål på Senja som to skilde lydar, med tril-lande *r*, /ko:rn/, /ja:rn/ [Iversen 1913: 28, 67]; palatal *n* i ord som /çøŋ/ f, /boŋ/ n. pl. < *tjorn*, *boŋn*). Mannsnamnet *Árni* er derimot vorti *Áne*, med ikkje-palatal *n*, i alle fall i Vesterålen – Troms (munnl. oppl. Finn Myrvang, Bø. I Oppdal er det /<sup>2</sup>o:n/, munnl. oppl. Tor-Erik Jenstad.)

I prinsippet kan det tenkjast to måtar desse orda har unngått palatal på:

- A. Etter lang vokal er *nd* assimilert – til kort *n* – før palataliseringa av *nn* sette inn. Altså: *nd* vart assimilert tidlegare etter lang vokal enn etter kort.
- B. Etter lang vokal er *nd* bevart uassimilert til etter at palataliseringa av *nn* var avslutta. Altså: *nd* heldt seg lenger etter lang vokal enn etter kort.

I utgangspunktet verkar A mest rimeleg, for det einaste kjende opphavet til ikkje-palatal *n* i trykkstaving i nordnorsk er gammalnorsk kort *n*: /mu:n/, /mun/, m., < *munr*, /çøŋ/ n., < *kyn*. (Sjølvsagt bortsett frå moderne lån. Gammalnorsk lang *n* i trykkstaving blir palatal *n*, t.d. /faŋ/ < *fann*, pret., /oŋ/, f. ‘onn’.)<sup>8</sup> Men fleire ting gjer A usannsynleg. Det eine er at *ld* (som langt på veg er parallelt til *nd*) i utkanten av målvaldet som ikkje assimilerer, held seg lenger etter lang enn etter kort vokal. I Skjåk heiter det såleis /so:ld/ n. < *sáld*, men /mɔʎ/ f. < *mold*.<sup>9</sup> (Munnleg opplysning Asbjørn Dagsgard, Skjåk.) Det andre er at assimilasjon generelt kjem fyrst i trykklett stilling (jf.

Indrebø 1951: 235), og lange vokalar har ikkje same tendens til å bli trykklette som korte vokalar har. At det skulle bli tidlegare *nd*-assimilasjon etter lang vokal (som i *váendr*) enn etter kort vokal (som i t.d. *land*), verkar da usannsynleg. Eit anna moment er at *bóndi* stundom har fått palatal *n* i samansetning: /<sup>2</sup>hũ:sbũj/ (Vefsn, Riksheim 1921: 52; Vesterålen, munnl. oppl. Finn Myrvang, Bø). Vi kan gå ut frå at *-bóndi* stod trykklett i samansetninga, og derfor at *nd* vart assimilert tidlegare der enn i det frittståande *bóndi*. Samstundes er det grunn til å tru at *-bóndi* fekk forkorta vokal i samansetninga, for dét er vanleg vokster i samansetning, og vokalen i *-bũj* er kort. I så fall kom *nd*-assimilasjonen fyrst etter kort vokal. Og var det slik i dette tilfellet, så er det grunn til å tru at det var slik elles med. Det tredje som talar mot A, er kvantiteten i Vefsn-formene /<sup>2</sup>bune/ og /sol/. Dersom dei skriv seg frå gamle former med *nd*, *ld* assimilert til kort *n*, *l*, altså \*/<sup>2</sup>bu:ne/, \*/so:l/ (vokalen var jo lang i gammalnorsk), så blir det uforklarleg at dei i dag har kort vokal. Lang vokal føre kort konsonant blir ikkje forkorta i Vefsn-målet. I tillegg blir *l*-kvaliteten i /sol/ uforklarleg dersom assimilasjonen kom særskilt tidleg etter lang vokal. Ei opphavsform \*/so:l/ burde ha gjevi tjukk *l*, jf. t.d. *skál* > [sko:ɾ]. På bakgrunn av dette verkar A svært usannsynleg. Eit argument som kjem nedanfor, talar òg mot A.

B blir sannsynleggjort av at Skjåk har /so:ld/, men /mɔŋ/. Her held *ld* seg lenger etter lang vokal enn etter kort vokal, og *l*-en blir ikkje palatal. Dessverre finst det ikkje døme som kan vise at det er likeins med *nd* (jf. note 9), men nordmørsmålet tyder på at det er det. Det har palatal *n* av gammal *nn*: /fiŋ/ m. ‘same’ < *finnr*, /faŋ/ sterk preteritum < *fann*, men ikkje-palatal *n* av gammal *nd*: /hun/ m. < *hundr*, /lan/ n. < *land*. Når lang *n* av *nd* har unngått den palataliseringa som gammal lang *n* fekk, så må det bety at det ikkje var samanfall mellom *nn* og *nd* da *nn* vart palatalisert. Også dette kan i prinsippet forklarast etter både A og B ovanfor. Men i dette tilfellet verkar A urimeleg fordi *nd* enno er uassimilert i innlyd, /<sup>1</sup>lande/ n. bunden form, < *landit*. Da har nok *nd* stått lenge også i utlyd, og da ser det ut til at sein assimilasjon av *nd* på Nordmøre har gjevi ikkje-palatal *n*. Ikkje-palatal *n* i dei ovan nemnde nordnorske formene burde derfor kunne forklarast med at *nd* etter lang vokal heldt seg til etter palataliseringa av gammal *nn*. Ikkje-palatal *l* i /sol/ < *sáld* i helgelending burde kunne forklarast på same måten.<sup>10</sup> At det verkeleg er slik det har gått til, tyder den korte vokalen (i Vefsn-målet) i /<sup>2</sup>bune/ og /sol/ på. Det ville vera heilt etter boka om kvantitetsomlegginga forkorta vokalen i former som \*/<sup>2</sup>bu:nde/, \*/so:ld/ og \*/vu:nd/ (før konsonantgruppene i neste omgang vart assimilerte, uavhengig av kvantitetsomlegginga). (Dei tilsvarande formene med lang vokal er likevel ikkje problematiske, dei kan ha fått konsonant-assimilasjon før eller i kvantitetsomlegginga – føre kort konsonant skal jo lang vokal halde seg.) Alternativ B kan altså forklare, i medhald av ein uproblematisk parallell, det som er uforklarleg etter A.

Så var spørsmålet korleis former som /ga:n/ og /stra:n/ kan forklarast. Vi kan slå fast at dei ein gong i tida har skilt lag med den store hopen av *nd*-ord. Spørsmålet er korleis det kan ha skjedd og kva tid det må ha skjedd for å gje det resultatet vi ser. Eg meiner svaret ligg i det vi har sett til no: Det er etter lang vokal denne særvoksteren

kjem. Det rimelegaste er da at /ga:n/ og /stra:n/ og dei andre har fått forlengd vokal før *nd* vart assimilert etter kort vokal. Slik heldt *nd* seg i desse orda, nett som i dei med opphavleg lang vokal, og i neste omgang vart *nd* assimilert til ikkje-palatal *n*.

At det er dette som har skjedd, er rimeleg i lys av at vokalforlenging før *nd* og *ld* er utbreidd i fleire strok i Norden. Dei fleste finlandssvenske målføre har former som ba:nd/n. /ha:ld/ vb. ‘halde’, estlandssvensk både /ba:nd/ og /bo:nd/ (m.m.), /ha:ld/ og /ho:ld/ (m.m.) (Westerberg 1991, Hultman 1894: 17–18, 51, 63). Överkalix-målet har typen *hand* > /he:nd/ (Westerberg 1991: 91). Også mange sørskandinaviske mål har lang vokal i former som /bo:n/ ‘band’ (sjå Westerberg 1991, t.d. s. 79), men der er *nd* assimilert. Vokalen /o/ i staden for /a/ blir tolka som vitnemål om at *a* vart forlengd så tidleg at han vart med på rundinga av lang *a*. Slik forklarar ein òg /o/ der han er kort i slike ord (jf. Westerberg 1991: 9 ff, 151), jf. dansk og svensk riksspråk /hole/, /hola/ og austnorsk /høle/ vb. ‘halde’. (Riks)Svensk har preteritumsformer som /<sup>2</sup>va:nde/, /<sup>2</sup>va:lde/ pret. og /<sup>2</sup>ta:mde/ (Hesselman 1902: 23 kommenterer det. Her er ikkje lang vokal overført frå infinitiv; der er det kort vokal: *vänja*, *välja*, *tämja*.). Tilsvarende har setesdalsmål slikt som /<sup>2</sup>vo:ndi/, /<sup>2</sup>to:ldi/, pret., < *vandi*, *taldi* (Larsen 1976: 146, Ross 1909: 38), av *venja* og *telja*. Vokalforlenging før *nd*, *ld* (og *rd*, *mb*, *ng*, *rl*, *rn*, *rð* og *rs*) var det òg i gammalengelsk (Westerberg 1991: 16), jf. nyengelske former som *ground* subst., *hold* /hould/ vb. og *mild* /maild/ adj. Gammelengelsk forlengde konsekvent vokalen før desse konsonantsambanda (ibid), men slik konsekvens er det ikkje i nordisk. Westerberg, som har granska *a* før *nd* og *ld* i aust- og sørskandinavisk, peikar på at det ikkje er vokalkvalitetsendring eller -forlenging i alle ord; utviklinga “åtföljs av så många undantag och störningar att de ofta inte gör skäl för att kallas [ljud]lagar. Man kunde snarare tala om tendenser” (Westerberg 1991: 145). Dette kan illustrerast t.d. med at svensk og austnorske målføre har /kal/, adj., men likevel /hole/, /hola/, /høle/, og t.d. at dansk har *hånd*, men *land*. Denne vilkårlegheita er eit argument for at det verkeleg er vokalforlenging før konsonantsambandet som har ført til særvokstere i /ga:n/ osv., fordi det da får ei rimeleg forklaring at særvokstere kjem berre i visse ord.

Forklaringa eg har sett fram her, skulle òg høve i eit austlandsk målvald som har det same mønsteret som Helgeland. I eit målvald frå Vestfold og Østfold til Østerdalen er det mykje vokalforlenging før gammal *nd*: /a:n/ f. ‘and’, /stra:n/ f. ‘strand’, /gre:n/ / /græin/ f. ‘grend’, /gri:n/ f. ‘grind’ (Myhre 1952: 24, Kolsrud 1944: 21, 37, 47, 50; Kolsrud 1961: 49, Lid 1927: 334, Ross 1971: 273 under *Grind*). Den nordlege delen av dette området har palatal *n*, og der finn vi den same motsetnaden som (den vanlegaste) på Helgeland: /stra:n/, /sa:n/, /gri:n/, men /lap/ – altså anten lang vokal og ikkje-palatal *n*, eller kort vokal og palatal *n*. Vokalforlenging og ikkje-palatal *n* finst på Austlandet også i ord med fremre vokal i rota: /gre:n/, /gri:n/. Så medan denne særvokstere er unntaket på Helgeland, er han regelen i det austlandske målvalet. Tendensen har altså vori sterkare der.

Dersom ein reknar med at det i visse tilfelle har vori vokalforlenging også før *ld* og *rn* i nordnorsk, så kan det forklare Helgelands-forma /ka:l/, ‘kald’ ajd. < *kaldr*<sup>11</sup>

(Riksheim 1921: 15, Olssen 1958: 19) og den allment nordnorske forma /ba:n/ ‘barn’, som det elles er svært vanskeleg å forklare.<sup>12</sup> Etter regelen burde *kaldr* på Helgeland bli \*/ka:ʎ/, jf. /kve:ʎ/ m. < *kveldr* osb., medan *barn* i Nord-Noreg burde bli \*/baj/, \*/ba:ŋ/ eller \*/ba:rn/. Jamfør *børn* n. pl. > /boj/, *berna* f. ‘sjøfugl’ /ʔteja/; *jarn* n. > /ja:ŋ/ (Brønnøy, Olssen 1958: 57; Vefsn, Riksheim 1921: 31; o.fl. st.), *jarn*, *bjørn*, *korn* > /ja:rn/, /bjø:rn/, /ko:rn/ (Senja, Iversen 1913: 28, 67). Når *kaldr* og *barn* har fått lang vokal og ikkje-palatal /l/n, så har dei slått følgje med *sáld* og *Árni*, som har gammal lang vokal føre konsonantgruppa. I Vefsn har *kaldr* jamvel fått den same kvantiteten som *sáld* har fått: /ka:l/ jamsides /ka:l/ (Riksheim 1921: 15, Olssen 1958: 19, jf. note 6 her. Voksteren eg her føreset for *barn*, er rimeleg i lys av at *barn* på mykje av Vestlandet heiter /ba:dn/ (jf. Larsen 1926: 90–91, om Sogn), og i Hallingdal /bo:dn/ (Venås 1977: 49). Her er vokalen tvillaust forlengd; orda er jo overlange enno. Dessutan føreset vokalkvaliteten i hallingformene lenging av *a*-en før rundinga av lang *a*. (Det er ikkje fleirtalsforma, av *børn*, som er overført til eintal, for fleirtal har enno si eiga form: /bødn/. [Venås 1977: 49].) – At Senja har *barn* > /ba:n/ (og venteleg /o:ne/ < *Árni*), men *jarn* > /ja:rn/, ikkje \*/ja:n/, kan tyde på at det er meir “sliti” pga. oftare bruk.<sup>13</sup> – Mønsteret i /boj/, /çøŋ/ mot /ba:n/, /ja:rn/, /ko:rn/ er elles eit argument for at det verkeleg er etter *lang* vokal konsonantsamband står seg best mot assimilasjon, jf. drøftinga ovanfor s. 58. Det er orda som har fått forlengd vokal, som har unngått (tidleg) assimilasjon av *rn*.<sup>14</sup> – Trøndelags- og Nordmørs-forma /ka:lt/, adj., inkjekjønn av /ka:ʎ/ adj., kan forklarast på same måten som Helgelands-forma /ka:l/, berre at vokalforlenginga i Trøndelag og på Nordmøre har skjedd berre føre konsonantgruppa *lt*, ikkje føre *ld*. (Jamfør det som står om *rð* og *rt* nedanfor s. 62.)

Påfallande mange av døma eg drøftar ovanfor (s. 56 og 59–60), har *a* til rotvokal, og påfallande få har høg vokal. Det høver med forlengingsforklaringa, for i nordisk er det særleg bakre vokalar, og blant dei særleg *a*, som blir lengde. Såleis har Midt- og Nord-Gudbrandsdalen mykje lenging av *a* i gamle stuttstavingar, enda stuttstavingane elles er bevarte (jf. Sandøy 1987: 169). Det same ser vi i sørlege finlandssvenske mål: Stuttstavingar er lengde berre “ifall *a* och *ä* varit stamvokal” (Hesselman 1902: :101). Om målet i Västerdalen i Dalarna seier Sjö Dahl at “de vidare vokalerna ha större benägenhet att förlängas än de trängre” (Sjö Dahl 1922: 75). Om Gimsøy-målet seier Christiansen at “de aller fleste ord med rotstavelse *a* har fått vokalforlengelse, mens der er ytterst få eksempler på forlenget høi vokal” (Christiansen 1933: 57). (På Gimsøya, som på Helgeland, er det da lang vokal i /ga:ŋ/ ‘gand’, /a:ŋ/ ‘and’ osb., men også palatal *n*, slik som i orda med gammal *-ann*, og dei aller fleste av begge gruppene har altså lang vokal. Forlenginga i Gimsøy-målet har vel da kommi etter at *nd* [over mellomsteget *nm*] vart palatalisert.)

### 3 Er vokalforlenging føre konsonantsamband ein konstruksjon?

Helge Sandøy har i fleire artiklar (Sandøy 1994, Sandøy 1997, Sandøy 1997–98) lagt imot at det skal vera/ha vori vokalforlenging føre slike konsonantgrupper. Han meiner

konsonantgruppene har forårsaka direkte kvalitetsendring av vokalen, utan føregåande forlenging. Det er fleire grunnar til at Sandøy forkastar den tradisjonelle forklaringa. Utgangspunktet hans er at teorien han arbeider innanfor (styringsfonologien), seier at slike overlange stavingar som forlenginga føreset, ikkje skal finnast “í mannlegu máli” (Sandøy 1997–98: 48). Vidare peikar han på at den vokalismen vi finn føre konsonantgruppene i dei moderne språka, langtfrå alltid stemmer med det vi skulle vente dersom opphavet var lang vokal. Sandøy seier òg at “Engin mállýska á vesturnorrænu svæðinu hefur varðveitt langt sérhljóð í þessari stöðu (þ.e. á undan l + samhlj[óði]). Lengdarbreyting er þannig aðeins til sem túlkun málvísindamanna. Líku máli gegnir um sérhljóðin á undan *ng* og *nk*” (Sandøy 1997–98: 47). Sandøy si alternative forklaring er at uttalen av *n*-en eller *l*-en som følgjer vokalen, har påverka kvaliteten til vokalen.

Mitt ærend i denne artikkelen er ikkje å vurdere Sandøy sin teori. Men fordi mitt framlegg ikkje kan vera rett dersom Sandøy sin teori er rett, må eg vurdere argumenta hans. Fyrst nærare om materialet. Det tradisjonelle synet på vokalforlenging føre *nd* og *ld* og grunnlaget for det synet, gjorde eg greie for ovanfor. Det er òg vanleg å rekne med vokalforlenging føre andre konsonantgrupper, som *ng/nk*, *l*-samband som *lf* (*lv*), *lg*, *ls*, *lm* – m.fl. Føre *ng/nk* har det vori vanleg å rekne med vokalforlenging, i svensk, sørvestlandsk og islandsk. Når det heiter *lång* adj., *månge/många* kvantor, islandsk *langur* /laungʏr/ adj., med *-ång*- eller *-aung/-*, ikkje *-ang-*, så har ein meint det kjem av forlengd vokal føre konsonantgruppa (sjå t.d. Hreinn Benediktsson 1962: 489. Noreen ser likevel ut til å meine at det er direkte diftongering, av *o*, føre *ng* og *nk*; Noreen 1923: 96). Det same gjeld islandske former som *syngur* /singʏr/ sterk presens, og *þungur* /þungʏr/ adj.; kvaliteten på rotvokalen svarar til den som kjem av gammal lang vokal. Tilsvarende er vokalismen føre *l*-samband som *lf* (*lv*), *lg*, *ls*, *lm* (m.fl.) i islandsk og i vesttele- og setesdalsmål: *hálfur* /haulvʏr/, *kálfur* /kaulvʏr/, *hólmur* /houlmʏr/ (islandsk), /<sup>h</sup>ho:ve/, /<sup>h</sup>ko:ve/, /<sup>h</sup>houmi/ (vesttele- og setesdalsmål); kvaliteten på rotvokalen her svarar til den som kjem av gammal lang vokal. Det er vokal-kvaliteten føre desse *l*- og *n*-sambanda Sandøy drøftar. Det er òg vanleg å rekne med vokalforlenging føre andre konsonantgrupper, kanskje særleg *r*-samband som *rl*, *rð*, *rt*. Dei nemner ikkje Sandøy.

Så til mine synspunkt. I utgangspunktet er eg kritisk, og kjem i fyrste omgang berre med innvendingar. Det prinsipielle fyrst: Ideen om at overlange stavingar ikkje skal finnast, er forunderleg. To enkle motdøme er gammalnordisk og finsk; overlange stavingar er velkjende innslag i begge. (Finsk kan jamvel ha overlans staving + lang endingsvokal, som i *kiittää* vb. ‘takke’.) Til no i artikkelen har eg nemnt ei mengd ord med overlans staving, og nedanfor kjem det fleire til. Det er heller ikkje slik, som ein skulle tru, og slik det i prinsippet skulle vera, at overlans staving ikkje er mogeleg lenger i nordisk etter kvantitetssomlegginga. Også dette har eg nemnt ei mengd døme på, og kjem til å nemne fleire.<sup>15</sup>

Så det konkrete: Det er ikkje rett at vokalforlenging føre konsonantgruppe berre er “túlkun málvísindamanna”, slik Sandøy hevdar. Ikkje ein gong innanfor dei

konsonantgruppene Sandøy held seg til er det rett, og heller ikkje om vi held austnordisk utanfor, slik Sandøy gjer. Ei mengd former med slik forlengd vokal er belagde. Trass i at dei fleste målføre sjølvstakt forkorta dei i kvantitetsomlegginga, så finst det òg ein motsett tendens. Ei form som /ga:jn/ 'gagn' er belagd frå Sør-Helgeland (Olssen 1958: 19), og Åseral og Åmli (Indre Agder) har former som /ho:lm/ m., /ho:ls/ m., /hæ:lg/ f., /ko:lv/ m. (Larsen 1976: 145, 147), av *halmr*, *hals*, *helg*, *kalfr*. Dette nemner også Indrebø (Indrebø 1951: 132). (Sandøy nemner berre setesdøls- og vestteleformene, som har *l*-bortfall, slik at den lange vokalen kan tenkjast å komma av erstatningsforlenging. Etter *l*-bortfallet er dei heller ikkje overlange lenger.) Ei form som /ha:ʀs/ er òg kjend frå Dalarna i Sverige (Levander 1925–28: 96). Som vi har sett, har finlandssvenske mål flust av former som /ba:nd/ n. /ha:ld/, og estlandssvensk /bo:nd/ o.l. Finlandssvenske mål har òg former som /ma:ng/ 'mange' (Harling-Kranck 1998: 149, 155, Hultman 1894: 17–18, 51, 63). Rikssvenske og setesdalske former med forlengd vokal føre *ld* og *nd* nemnde eg ovanfor, s. 59.

Ser vi på vokalforlenging føre andre konsonantgrupper enn dei Sandøy drøftar (*n* + konsonant og *l* + konsonant), så finn eg fleire døme. Flesteparten av dei finlandssvenske målføra har gjennomført forlenging av *a* og *ä* også føre *rl*, *ng* og *mb*, ein del forlenging også av andre vokalar føre desse konsonantsambanda, og i det heile mykje forlenging også føre andre konsonantsamband (Hesselman 1902, særleg 19–20, 23, 28, 34, Hultman 1894: 17–18, 51, 63; jf. Westerberg 1991: 91). Dansk har former som /fæ:ste/ < *fasta* f. 'tida før påske' (norsk riksmål den kvantiteten etter dansk.) og /ki:ste/ < *kista* f. Sunnmørsk har slikt som /<sup>l</sup>o:kr/ av *akr* (Kolsrud 1951: 110. "n. r. I lagar ikkje ny staving etter klusil (åkr m)"). Østfold-mål har slikt som /ha:vre/ (Myhre 1952: 28), og Setesdals-mål slikt som /<sup>l</sup>ma:gni/ 'mannsnamn' (munnl. oppl. Trygve Skomedal). På Helgeland finst former som /ha:mn/, /o:mn/, /ga:jn/ (Olssen 1958: 19, Riksheim 1921: 15, 59). Som vi har sett, har eldre mål på Senja /ko:rn/, /ho:rn/, /bjø:rn/, /ja:rn/<sup>16</sup> Senja (Iversen 1913: 67). I Sogn (og vel vidare på Vestlandet) finst former som /ba:dn/, /ja:dn/, /ja:rn/ (Larsen 1926: 90–91, 92–93), og Hallingdal har /bo:dn/, /go:dn/, < *barn*, *garn* (Venås 1977: 49). Andre *r*-samband har same voksteren. Former med vokal forlengd føre *rð*, og bevart *rd*, har fram til vår tid funnist i Telemark og Indre Agder: /a:rd/ m., /va:rde/ m., /hæ:rd/ f. < *arð*, *varði*, *herðr* (Larsen 1976: 171)<sup>17</sup>. Parallelt er det vokalforlenging føre *rt* i Setesdal – /<sup>l</sup>svo:rte/ adj. (< *svartr*) – og Vest-Agder, Jæren – /<sup>l</sup>sva:rte/ (Ross 1909: 38, Larsen 1976: 152).

Dette er ei nokså tilfeldig samling med døme. Går ein grundigare til verks, finn ein heilt sikkert mange fleire. Dette skulle likevel vera nok til å vise at vokalforlenging føre konsonantsamband (både dei Sandøy drøftar og andre) er ein realitet. Likevel kan sjølvstakt kvaliteten på vokal føre konsonantgruppe endrast av andre årsaker enn som refleks av forlenging. Kva som er rimelegast, må vurderast i kvart tilfelle. Når det gjeld emnet for denne artikkelen, voksteren av typen *gandr* > /ga:n/, meiner eg vokalforlenging er einaste mogelege forklaring. Sandøy si forklaring kjem nødvendigvis til kort sidan ho berre gjeld endra vokalkvalitet, og det er det ikkje i desse tilfella.

Når det gjeld islandske former som /haulvʏr/ og /skauld/, ser eg heller ikkje at

anna forklaring enn forlenging er mogeleg. Grunnen er fyrst og fremst samanfallet mellom formene med *a* og *ǫ* (som *skald* n. sg. og *skǫld* n. pl.), som skjodde på 1200-talet; det viser at det var forlengd vokal. Formene fall saman pga. det generelle samanfallet mellom *á* og *ǫ*. Det ville ikkje fått noko å seia for ordformer som *skald* og *skǫld* dersom dei ikkje hadde fått vokalforlenging. For islandsk har ikkje samanfallet mellom dei tilsvarande korte vokalane, *a* og *ǫ*. Altså var det lang vokal. For det andre: Så vidt eg forstår er former som *háls* heimla alt i dei eldste handskriftene, altså fyrstninga av 1200-talet (jf. Hreinn Benediktsson 1962: 489). Og så tidleg kan *á* vanskeleg oppfatast som ein skrivemåte for diftong slik Sandøy sitt resonnement føreset<sup>18</sup> – slik eg forstår det. For det tredje: At det berre er *a* som får særvoksteren (*háls*, men *helsi* n. ‘halsband’, *kálfur*, men *kelfa*, vb.), høver dessutan med forlenging, sidan *a* blir forlengd lettare enn andre vokalar, jf. ovanfor s. 60. For det fjerde: På Indre Agder, som liksom Vest-Telemark har vokster parallell til den islandske, finst dei overlange formene enno i dag (/ho:ls/ m. < *hals*, osb. Dette har også Bakken peika på, og ho har vist at vokalismen i typen /hæ:lg/ ikkje er noko problem. (Bakken 2001: 197 ff.)

Også når det gjeld sør- og/eller austskandinaviske former som /bon/ //bo:n/, /hole/ /<sup>2</sup>hola/, /go:r/, < *band*, *halda*, *garðr*, meiner eg det er all grunn til å rekne med vokalforlenging. Vokalkvalitetsendringa er i seg sjølv eit indisium, og i tillegg kjem at det er ein del dobbelskriving av vokal (ikkje berre *a* eller annan bakre vokal) føre slike konsonantsamband i danske mellomalderhandskrifter (Skautrup 1944: 245). Så vidt eg veit, kan den skrivemåten i dansk vanskeleg markere anna enn lang vokal.

#### 4 Direkte vokalkvalitetsendring er truleg føre *ng* og *nk*

Når det gjeld vokalismen føre *ng* og *nk*, meiner eg Sandøy har føreslått ei forklaring som i mange eller dei fleste tilfelle er betre enn den gamle, i alle fall der det i dag er diftong. Når det gjeld fleire vestnordiske mål dreg han fram klåre innvendingar til den tradisjonelle forklaringa. Islandske former som *löng* /löing/ adj. fem. og *lengur* /leingyr/ adv. høver ikkje med at dei skal komma av former med forlengd vokal Gammal lang *ø* (*æ*) er /ai/ i nyislandsk, og gammal lang *e* (*é*) er /je/. *Löng* og *lengur* burde derfor bli uttala \*/laing/ og \*/ljengyr/ dersom vokalane føre *ng* tidlegare var lange (jf. Sandøy 1997–98: 61–63). Dette er argument mot at det har vori vokalforlenging føre *ng* islandsk. Noko av det same ser vi i færøysk (jf. Sandøy 1997–98: 63). Dei fleste vokalane føre *ng* er slik dei skulle vori dersom dei kom av gamle korte vokalar. Eit spesialtilfelle er /longur/, av *lengr*, adv., som føreset diftongering av *e*-en (*ei* > \**ai* > \**oi* > *o*), utan at det samsvarar med gammal lang vokal. Også i sunnmørsk stemmer vokalfoksteren føre *ng*, *nk* dårleg med at det har vori vokalforlenging (jf. Sandøy 1997–98: 64). Berre *a* og *o* har fått den voksteren ein skulle vente dersom dei hadde vori forlengde; \**blankr* er /blonke/, og *kongr* er /kounge/ (jf. Sandøy 1997–98: 64). Dei andre vokalane er diftongerte føre *ng*, *nk*, men ikkje slik dei skulle dersom dei kom av lang vokal. *Fingr* m. er vorti /fæingr/, og *yngr* adj. komp. er vorti /øyngr/.



(Jamfør Sandøy 1997–98:64) Dersom opphavet var former med forlengd *i* og *y*, burde det heitt \*[fiŋgr] og \*[ɣyŋgre] (les eg ut av Sandøy si oppstilling, ibid.)

Sandøy skriv at særvoksteren føre *ng* og *nk* i islandsk er “nálægging”, altså heving. Dei korte, høge vokalane held seg høge i denne stillinga, enda dei elles blir lågna, og dei mellomhøge og låge får lagt til eit høgt element, så det blir diftong (Sandøy 1997–98: 63). Når Sandøy skal forklare voksteren i islandsk, færøysk og vestnorsk, peikar han på tungestillinga når ein uttalar “*n* og *ŋ*”: “lyfting tungunnar hljóti alltaf að vera vísir að nálægingu” (Sandøy 1997–98: 77).

At Sandøy er inne på noko når det gjeld [ŋ], eller rettare sagt [ŋg] og [ŋk], blir klårt når ein ser på andre nordiske og germanske mål. I skandinavisk held kort *i* seg vanlegvis som /i/ føre *ng*, jamvel om han elles oftast blir lågna. Og i trykklett stilling held *i* seg vanlegvis som fullvokal føre *ng*, enda han elles oftast blir svekt. Slik er det òg i engelsk. Dette stemmer med det Sandøy peikar på når det gjeld islandsk: Gammal kort *i* held seg som /i/ føre *ng*, (t.d. i *syngja*), enda han elles blir /ɪ/. *Ng* synest altså ha ein tendens til å heve vokalar eller halde dei høge. At /u/ beheld kvaliteten føre *ng* i islandsk – *pungur* er vorti /pungʏr/, ikkje \*/pʏngʏr/ – høver òg med dette, sidan /u/ er litt høgre enn /ʏ/. Dette er opplagt ei rimeleg forklaring på mykje av vokalsærvoksteren føre *ng* (og *nk*).

Sandøy er elles ikkje den fyrste som har vori inne på dette. Til dømes skriv Arve Borg dette om flatbygdsmål på Austlandet: “Eit fenomen som er i slekt med palataliseringa av *n*, *l*, *d*, og *t* er nyutvikla diftong føre *gg*, *ng*, *nk*: *veigg*, *skjeigg*, *beigge* (pron.), *ræigg* (n.), *p æigg*, *døugg*, *høugg*, *vøugge* (Stange *vøigge*), *seing*, *steinge*, *beink*.” (Borg 1974: 42) (Mange av desse formene er vanlege mange andre stader med, og bør venteleg forklarast på same måten der.) Som vi ser, er voksteren av *e* føre *ng* og *nk* her parallell til det vi har sett i islandsk, færøysk og sunnmørsk. Parallelt til islandsk /laungʏr/ adj. < *langr*, har Solør-mål /laʊŋ/ (munnl. oppl. Joleik Øverby, Tyllidalen), og snåsning (Nord-Trøndelag) har uttalen /gøʊŋ/ av *gong* m. (munnl. oppl. Arnold Dalen). I desse tilfella kan ikkje diftongen komma av forlengd vokal. Det verkar opplagt at nasalen/velaren er årsaka.

“*ng*-verknaden” burde kunne forklare hevinga av *a*-en i gammalsvensk *stang* til *stång*. Men det treng ikkje vera slik, for “*ng*-verknaden” utelukkar ikkje vokalforlenging føre *ng* og *nk*. Forlenging av *a* føre *ng* er kjent i alle fall frå helgelandsk og finlandssvensk, og indirekte frå gammaldansk, der det er ein del døme på dobbelskriving av både *a* og fremre vokal føre *ng* (etter at den gamle lange *a*-en vart runda. Skautrup 1944: 245). Derfor, og fordi *a* så ofte blir forlengd, bør det ikkje utelukkast at former som *lång* kan komma av vokalforlenging. Spesielt i svensk bør denne mulegheita halddast open. Austsvensk har jo mykje forlenging av *a* føre *ng*, og det er mogleg at “*ng*-verknaden” er veikare i svensk, for /u/ har fått same opninga føre *ng* som elles.

Det ser elles ut til at *ng* også kan ha ein annan verknad enn den Sandøy nemner. På dansk held *a* seg som /a/ føre *ng*, *langr* er vorti /laŋ/, medan det elles oftast er vorti ein *æ*-lyd. Slik er det òg i dei Austlands- og Trøndelags-måla som har mykje *a* > *æ*. Men *a* er ikkje ein høgre vokal enn *æ*, tvert imot. Derimot er *a* meir bakre enn *æ*. Da ser det

ut til at *ng* også kan dra føregående vokal bakover. Også på /u/ er det vel den verknaden *ng* fyrst og fremst har. Både på islandsk og i dei fleste norske målføre held /u/ seg som /u/ føre *ng*, og blir ikkje /ʏ/ (islandsk) eller /ʉ/ (norsk), som slik som i dei fleste andre stillingar. /ʏ/ er berre litt lågare enn /u/, medan /ʉ/ vel er noko høgre enn /u/. Fyrst og fremst er /u/ meir bakre enn /ʏ/ og /ʉ/. Det ser da ut til at *ng* fyrst og fremst dreg bakover.

I dei tilfella *ng* og *nk* har dregi både opp og att, er det truleg det velare elementet som har dregi opp. (I så fall har flatbygdsformer som /sein/ og /stein/ oppstått før *ng* vart *ŋ*.) Lang velar har i alle fall ein klår slik effekt i svært mange mål (jf. t.d. døma til Borg ovanfor). Sandøy meiner at *n* kan føre til vokalheving også åleine (Sandøy 1997–98: 77). Eg kjenner ikkje døme på det. Derimot kjenner eg mange døme på at *n* (åleine) lågnar føregående vokal (jf. t.d. Larsen 1894: 153, Larsen 1948: 67, Ross 1909: 4–5, Hultman 1894: 29).

Romeriksformer som /græin/ f. og /ʔæine/ m. (av *grend* og *endi[r]*), som eg nemnde ovanfor s. 59, bør nok forklarast med at *nd* kan verke på same måten som *ng* og *nk*, og forårsaka eit *i*-innskot etter føregående vokal. Det er visst uvanleg at *nd* verkar slik, men eg kjenner til det frå gammalt mål på Sunnmøre og i Romsdalen (Ross 1909: 4). (Sandøy nemner at *ld* kan ha den verknaden der [Sandøy 1997–98: 65–66]). At det er berre *e* som får eit slikt *i*-tillegg, høver med at det berre er *e* som får det føre *ng* i færøysk, jf. s. 63. At *nd* truleg kan dra opp på denne måten, motseier ikkje at det ofte er vorti vokalforlenging føre *nd*. Men vokalkvalitetsendringa må sjølvsagt ha skjedd før *nd* vart assimilert.

## 5 Konklusjon og oppsummering

Eg konkluderer med at ordformene eg har drøfta i denne artikkelen – /ga:n/, /ræ:n/, /ron/, /ka:l/, /ba:n/, osb. – kan forklarast med vokalforlenging føre *nd*, *ld* og *rn*. Det skulle ikkje vera problematisk å føresetta slik vokalforlenging, for det er vél dokumentert at vokalforlenging føre *nd*, *ld* har skjedd i andre variantar av nordisk. Ordformene eg har drøfta, er elles eit nytt vitnemål om slik vokalforlenging, for dei ser ut til å vera uforklarlege elles. Vokalforlenging føre *ld*, *lm* osb. i islandsk og vesttele- og indreegdemål ser det heller ikkje ut som ein kan komma utanom. Samstundes er det klårt at *ng* og *nk* kan dra føregående vokal opp eller bakover, eller legga til han eit høgt eller bakre element. Islandske og færøyske former som /laungʏr/, /singja/ og /longʊr/ kan enklast forklarast med denne “*ng*-verknaden”. Dette talar likevel ikkje imot at det i mange høve er vokalforlenging føre konsonantsamband som *ng*, *ld* eller *nd*.

Slik det har gått fram av granskinga, ser det ut til at *nd* og *ld* har fått ulik vokster etter lang og kort vokal i Nord-Noreg (og vidare i tilgrensande mål). Etter kort vokal vart konsonantsambanda assimilererte tidleg, før palataliseringa av *nn*, slik at gammal *nd* etter kort vokal vart med i palataliseringa. Etter lang vokal ser det derimot ut til at *nd* og *ld* for det meste heldt seg til etter at palataliseringa av *nn* var over. Det er eit liknande tilhøve når det gjeld *rn*. Eg kjenner ikkje til at dette er påpeika før.

Granskinga kan òg seia litt om rekkefølga på dei ulike overgangane:

- Forlenginga av vokalen i ord som *gandr* må ha skjedd etter at gammalnorsk lang *a* (*á*) vart runda, sidan den forlengde *a*-en ikkje er vorten med i rundinga; det heiter jo ikkje \*/go:n/. At lånorda *rund* og *sunn*, frå mellomlågtyisk *runt*, *sunt*, er vortne med i unntaksflokken, høver med at overgangen er nokså sein.
- Assimilasjonen av *nd* etter *kort* vokal må ha skjedd etter at den ordflokken eg har drøfta her, fekk vokalforlenging. (Hadde det skjedd medan ordflokken eg har drøfta her enno hadde kort vokal, så hadde jo ikkje den fått særvokster.)
- Palataliseringa av *nn* har helst kommi etter *nd*-assimilasjonen etter kort vokal, sidan *nn* av *nd* er vorten med i palataliseringa (t.d. /laj̃/).
- Likevel har palataliseringa av *nn* og *ll* kommi før kvantitetsomlegginga, sidan t.d. /mun/ m. av *munr* og /kol/ av *kol* ikkje har falli saman med /muɲ/ m. av *munr* og /koʎ/ m. av *kollr*. (I nordlege nordnorske mål er det berre kvaliteten på konsonanten som skil desse orda. Lenger sør blir det kvantitetskilnad på *l*-orda, men resonnementet for *n*-orda skulle vera gyldig til og med Trøndelag.)
- Etter lang vokal kan det sjå ut til at *nd* og *ld* i Vefsn har haldi seg uassimilert til etter kvantitetsomlegginga, sidan *såld* og *bonde* har fått forkorta vokal. (Vokalforkortinga tyder på at det enno var konsonantgruppe da kvantitetsomlegginga kom, jf. s. 58). Når desse orda elles i Nord-Noreg ikkje fekk vokalen forkorta, så kan det tyde på at *nd* der var assimilert før kvantitetsomlegginga. Men i prinsippet er det òg mogeleg at *bonde* heldt seg overlangt etter kvantitetsomlegginga, slik Ross opplyser frå Voss – Hardanger (jf. fotnote 15), og slik *såld* enno er overlangt i Skjåk – og at det er derfor vokalen er lang i dag (jamvel om konsonantgruppa no er assimilert).
- Det ser ut til at palataliseringa av *nn* og *ll* i Vefsn (og Trøndelag?) var “unna-gjort” da kvantitetsomlegginga kom, sidan den nye, lange *n*-en og *l*-en i /ʔbune/ og /vun/ ikkje vart med i palataliseringa.

## Noter

- <sup>1</sup> Denne artikkelen er kommen til pga. doktorgraden eg arbeider med om det religions- og kulturhistoriske innhaldet i *gand(r)*. Utgreiinga her er vesentleg m.a. for dateringa av lånet av førelekken i sørsamisk *ganečureg* (Qvigstad 1924: 298–300) ‘gandfluge’ (*čureg* er fluge, no normalisert *tjovrehke* på sørsamisk); det er ikkje palatal *n* i ordet, enda sørsamisk har palatal *n*. Utgreiinga er viktig også for vurderinga av nordsamisk *gánda* ‘gand; gut’ (jf. Qvigstad 1893: 164) (lang vokal og ikkje-assimilert *nd*) og svensk *gånder* ‘gren på ett trä’ (Rietz 1962: 225, 185), med *å*. – Takk til Trygve Skomedal for tips, særleg om vokalismen føre *ng*, og for å ha lært meg å resonnera på denne måten. Takk til Joleik Øverby for tips om Austlands-mål, og Arnold Dalen og Else Mundal for gjennomlesing av utkast til artikkelen.
- <sup>2</sup> Sør-Helgeland har ikkje tonelagsmotsetnad.
- <sup>3</sup> *Fanden* har heller ikkje palatal *n*, men dette ordet er så spesielt at det er vanskeleg å ta omsyn til det. Slike ord blir ofte lånte, så det er uråd å veta kva lydrett form er.
- <sup>4</sup> Jamfør Riksheim, om Vefsn-målet: “I ord der kons. ikkje vert palatalisera som ein skulde venta,

- vert vok. ofte lengd” (Riksheim 1921: 15). Eitt av døma han nemner er adjektivet *kāl* < *kaldr*, jf. s. 59–60.
- 5 *Próndheimr* / *Prándheimr* kunne vera eit døme. Indrebø opplyser den nedervde uttalen “*Tron-dem*” “ikring byen *Trums*” (Indrebø 1930: 71. Takk til Roger Lockertsen for tipset.) Men han opplyser ikkje om *n*-en er palatal eller ikkje. Uttaleforma er likevel ikkje døme på assimilasjon av *nd* til ikkje-palatal *n*, for her er det jo ikkje assimilasjon, *d*-en står. Det kjem venteleg av *h*-en som stod etter *d*-en. Jamfør at gammalnorsk *ð* er bevart i sambandet *ðh*, men i samansmeltingsproduktet *t: Staðhella* > /<sup>2</sup>statle/ (stadnamn, Grenland), *høfuðherna* f. > *hovvetenna*, o.l.).
  - 6 Kvantiteten her, kort vokal og lang konsonant, går eg inn på nedanfor.
  - 7 Likevel /<sup>2</sup>sneʎa/ f. (*snælda*) i Brønnøy (Olssen 1958: 32).
  - 8 Eg kjenner få døme på at gammal *nn* ikkje blir palatal, men nokre er utbreidde: /<sup>2</sup>tre:mæneŋ/ (*tri-*) og /<sup>2</sup>lansøniŋ/ ‘vindretninga søraust’. Her skriv vel den ikkje-palatale *n*-en seg frå *n* forkorta i samansetninga.
  - 9 Dessverre finn eg ikkje døme med *nd*. Når det følgjer vokal etter konsonantgruppa, held *nd* og *ld* seg også etter kort vokal, så det er berre i utlyd ein eventuell skilnad kan komma til syne. *Vánder* er trengt ut av *ill(r)* i dette målføret, og andre ord med lang vokal + *nd* utan vokal etter, kjenner eg ikkje.
  - 10 Slik burde den ikkje palatale *l*-en og den korte vokalen i /sol/ < *sáld* kunne forklarast på Nordmøre med: likeins i det tilhøyrande verbet /sæl/ < *sælda* ‘såld’.
  - 11 I Trøndelag vanleg /kaʎ/, men /ka:lt/, tilsvarende på Hedmarka /kæʎ/ – /ka:lt/, munnleg opplysning Arnold Dalen.
  - 12 /ba:n/ også vanlegast i Trøndelag og på Nord-Vestlandet.
  - 13 Larsen meiner /ba:n/, /bo:n/ har kommi over eit mellomsteg med \**ðn* (Larsen 1976: 172 ff.). I så fall må også /<sup>2</sup>o:ne/ < *Árni* forklarast slik.
  - 14 I svært mange målføre er det ulik kvantitets- og *rn*-vokster i eintal og fleirtal (av *barn* – *børn*), såleis Vest-Telemark /bo:n/ – /bøn/, Østerdalen /ba:n/ – /bøŋ/, Trøndelag og Nord-Noreg /ba:n/ – /bøŋ/. At *rn* kan gå så ulike vegar, er interessant for spørsmålet om segmentering og differensiering i Telemark og Setesdal. Bakken konstaterer at ei ordsamling frå Fyresdal i 1698 har former som *Baadn* (barn), *Ikodn* (ekorn), *Qvedn* (kvern) osb., og at ein derfor truleg bør rekne med slike former i Telemark før, liksom i Hallingdal i dag. “Det er likevel et problem”, seier ho, “at en ikke finner støtte for en slik tolkning i skrivemåter i diplommaterialaet. De gangene dialektformene vinner innpass her, skrives *nn* for gno. *rn*” (Bakken 2001:190). Men, som Bakken (ibid) òg nemner, har 1698-ordlista òg former som *Bijøn* og *Dynne* (for “dyrni”, ‘døra’). Det tyder på at former med *dn* og *nn* har levd side om side, *dn* i visse ord, *nn* i andre – slik ein òg kan slutte seg til berre frå eit ordpar som /bo:n/ : /bøn/. Tidlege *nn*-skrivemåtar i diploma motseier da ikkje at *rn* vart *dn* i visse ord. Slik inkonsekvant vokster finn vi i mange mål. Hallingdal har såleis vanlegvis *rn* > *dn*, men fleire unntak med *ŋ* (Venås 1977: 49). Det same kjenner eg til frå Trøndelag og Nord-Noreg, til dels òg frå Austlandet. Sunnmøre har vanlegvis *n*, men fleire unntak med *rn* (Ross 1909: 7). Ofte er det dei same orda som skil seg ut med *rn/ŋ*: *gjerne*, *ørn*, *jarn* m.fl. Gammalt senjamål har, som vi har sett, det motsette av Sunnmøre: Vanlegvis *rn*, men *n* i visse ord.
  - 15 Eg kan nemne enda fleire med det same: I Øyfjorden på Senja, der gammal overleng staving var bevart på Iversen si tid, kunne ein vokal i eldre mål “– særlig en lav vokal – [...] forlænges foran en hvilkensomhelst lang konsonant: *ålje*, pron.; *bække*, m.; *kläppe*, v.” (Iversen 1913: 29). Frå sørvestlandsk kan nemnast slikt som /<sup>1</sup>i:dle/ adj. < *illr*, /<sup>1</sup>a:dle/ pron. *allr*, /<sup>2</sup>i:dne/ adv. < *inni* (jf. Larsen 1914: 159). Voss og Hardanger har slikt som /<sup>1</sup>sæ:dlo/ adj. < *sæll*, /<sup>1</sup>klø:dna/ f. pl. < *klærnar* ‘klørne’, /stø:dli/ m. < *støðull*, /<sup>1</sup>brø:dne/ f. dat. sg. b. form < *brúnni*, og, særskilt interessant: /<sup>2</sup>bu:nde/ m. < *bōndi* (“*bōnde*”, Ross 1909: 123–24, 126,128). Leitar ein systematisk, finn ein heilt sikkert mange fleire døme.
  - 16 Både desse og dei førre formene er noterte utan stavingsberande *n*. At typen /ja:rn/ i yngre mål

har *rn* samansmelte i retrofleks, tyder òg på at *n*-en ikkje var stavingsberande. Skulle ein likevel meine at han er stavingsberande, slik at konsonantgruppa blir delt og det ikkje blir overlang staving, så skulle ikkje det spela noka rolle for resonnementet. Kort vokal føre konsonantgruppe er like fullt vorten forlengd føre konsonantgruppa (Ingen vil vel føreslå at konsonantgruppa var delt før vokalforlenginga.).

- 17 Vokalforlenginga føre *rð* forklarar at det er /u/ i ord som *bord* og *ffjord* (unntak Sunnmøre). Her har forlenginga skjedd så tidleg at den forlengde vokalen vart med i hevinga av *ó* til /u/, /u:/. Forlenginga i dei nyss nemnde Senja-formene /ho:rn/, /ko:rn/, har tydelegvis skjedd etter dette.
- 18 Takk til Trygve Skomedal for desse argumenta.

## Litteratur

- Bakken, Kristin. 2001. "Fokk og fjødd – om utviklingen av gammelnorsk *l* i Vest-Telemark." *Maal og Minne* 2001: 183–209.
- Borg, Arve. 1974. "Opplandsmål." I: *Austlandsmål. Språkarv og språkbruk på indre Austlandet*, 26–46. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Christiansen, Hallfrid. 1933. *Gimsøy-målet. Fonetologi og orddannelse*. Skrifter utgitt av Det norske videnskaps-akademi. II. Hist.-filos. klasse. 1932. No. 3. Oslo: I kommisjon hos Jacob Dybwad.
- Elstad, Kåre. 1982. *Borgfjerdingsmål*. 2 bd. Tromsø-studier i språkvitenskap 4. Oslo: Novus.
- Harling-Kranck, Gunilla. 1998. "Finlandssvenska dialekter." I: *Från Pyttis till Nederve til*, utg. Gunilla Harling-Kranck, 139–59. Skrifter utgivna av Svenska litteratursällskapet i Finland. Helsingfors: Svenska litteratursällskapet i Finland 610.
- Hesselman, Bengt Ivar. 1902. *Stavelseförläggning och vokalkvalitet*. Uppsala: Uppsala Nya Tidnings Aktiebolag.
- Hreinn Benediktsson. 1962. "Islandsk språk." I: *Kulturhistorisk leksikon för nordisk middelalder 7*: 486–93. København: Rosenkilde og Bagger.
- Hultman, Olof. 1894. *De østsvenska dialekterna*. Helsingfors.
- Indrebø, Gustav, 1930: *Nidarosnamnet og Trondhjemsnamnet i Noreg. Nye granskingar um bynamnet*. Oslo: Noregs mållag.
- . 1951. *Norsk målsoga*. Bergen: John Grieg.
- Iversen, Ragnvald. 1913. *Senjen-maalet. Lydverket i hoveddrag*. Videnskapsselskapets skrifter. II. Hist.-filos. klasse 1912. No. 4. Kristiania: I kommisjon hos Jacob Dybwad. I tillegg brukt hefte av Helge Stangnes u.å.: *Ordtilfanget i Senjenmaalet, lydverket i hoveddrag av Ragnvald Iversen*.
- Kolsrud, Sigurd. 1944. *Utsyn over målet i Øysterdalane og Solørbygdene*. Bergen: John Grieg.
- . 1951. *Nynorsken i sine målføre*. Oslo: I kommisjon Jacob Dybwad.
- . 1961. *Målet i Sørum*. Skrifter frå Norsk målførearkiv 17. Oslo: Universitetsforlaget.
- Larsen, Amund B. 1894. *Lydlæren i den solørske Dialekt, især i dens Forhold til Oldsproget*. Videnskabsselskabets Skrifter. II, Historisk-filosofisk Klasse 1894:4. Kristiania: I kommission hos Jacob Dybwad.
- . 1914. "Vokalforlængelser i de norske bygdemaal. I. Gammel vokalforlængelse i fremlyd." *Maal og Minne* 1914: 147–72.
- . 1926. *Sognemålene*. Oslo: I kommisjon hos Jacob Dybwad.
- . 1948. *Oversigt over de norske bygdemål*. Nyprint av fyrsteutgåva frå 1897. Oslo: Aschehoug.
- . 1976. "Indberetning fra adjunkt Amund B. Larsen om reiser foretagne med offentlig stipendium i årene 1888–1890 for at studere bygdemålene i Kristiansands stift." I: *Amund B. Larsen: Skrifter*, utg. Magne Myhren, 131–205 (Fyrste gong prenta i Universitets- og Skole-Anna-

- ler. Ny række. 5te aargang. 1890 og 6te aargang 1891). Oslo: Universitetsforlaget.
- Levander, Lars. 1925–28. *Dalmålet. Beskrivning och historia*. 2 bd. Uppsala: Appelberg.
- Lid, Nils. 1927. “Gand og tyre.” I: *Festskrift til Hjalmar Falk 30. desember 1927 fra elever, venner og kolleger*, 331–50. Oslo: Aschehoug.
- Myhre, Reidar. 1952. *Vokalismen i iddemålet*. Skrifter frå Norsk målførearkiv I. Oslo: I kommisjon hos Jacob Dybwad.
- Noreen, Adolf. 1923. *Altisländische und altnorwegische Grammatik (Laut- und Flexionslehre) unter berücksichtigung des urnordischen*. Altnordische Grammatikk I. Vierte vollständig umgearbeitete Auflage. Halle: Max Niemeyer.
- Olssen, Olaf. 1958. *Brønnøymålet. Lydverket*. Skrifter frå Norsk målførearkiv 13. Oslo: A/S Bokcentralen.
- Qvigstad, Just. 1893. *Nordische Lehnwörter im Lappischen*. Christiania Videnskabs-Selskabs forhandling for 1893 No 1. Christiania: In Commission bei Jacob Dybwad.
- . 1924. “Lappische Erzählungen aus Hatfjelldalen. Aufgezeichnet von J. Qvigstad.” I: *Zur Sprach- und Volkskunde der Norwegischen Lappen*, Oslo etnografiske museums skrifter 1. Oslo: Oslo etnografiske museum.
- Rietz, Johan Ernst. 1962. *Svenskt dialektlexikon. Ordbok öfver svenska allmogespråket*. Fotolito-grafisk nyprint av utg. 1862–1867 ved Sven Benson. Lund: Gleerup.
- Rikshem, Vilhjelm. 1921. *Ljodvokstren i Vefsn-målet (Ner-Vefsn)*. Kristiania: Aschehoug.
- Ross, Hans. 1909. *Norske Bygdemaal XII–XVII*. Videnskabs-selskabets skrifter II. Hist.-filos. klasse 1909. No 3. Christiania: I kommission hos Dybwad.
- . 1971. *Norsk Ordbog*. Tillæg til “Norsk Ordbog af Ivar Aasen. Fotografisk nyprint av fyrsteutgåva frå 1895. Oslo: Universitetsforlaget.
- Sandøy, Helge. 1987. *Norsk dialektkunnskap*. Oslo: Novus.
- . 1994. “The nature of ‘overlong syllables’ in the Scandinavian languages.” I: *Phonologica. Proceedings of the 7th international phonology meeting 1992*, utg. Wolfgang U. Dressler m.fl., 233–42. Torino: Rosenberg & Sellier.
- . 1997. “Overlange stavingar i nordisk.” I: *Nordiska dialektstudier. Föredrag vid Femte nordiska dialektologkonferensen. Sigtuna 17–21 augusti 1994*, utg. Maj Rejnhammar, 273–83. Skrifter utgivna av språk- och folkminnesinstitutet genom dialektenheten i Uppsala (f.d. dialekt- och folkminnesarkivet.) Ser. A:27. Uppsala.
- . 1997–98. “Breyting á hljóðlengd eða hljóðgildi? Tilraun til endurskoðunar á hljóðbreytingum í vesturnorrænni málsögu.” *Íslenskt mál* 19–20: 45–83.
- Sjödahl, Nils. 1922. *Gammal kort stavelse i västerdalmålen*. Stockholm: P. A. Norstedt & söner.
- Skautrup, Peter. 1944. *Det danske sprogs historie*. Bd. 1. *Fra guldhornene til Jyske lov*. København.
- Skånlund, Einar B., 1933: *Saltamålet. Kort oversikt over lydverket*. Bidrag til nordisk filologi av studerende ved Universitetet i Oslo 10. Oslo: Aschehoug.
- Venås, Kjell. 1977. *Hallingmålet*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Westerberg, Anna. 1991. *Utvecklingen av gammalt kort a framför ld och nd i svenska dialekter*. A: Text. Uppsala: Dialekt- och folkminnesarkivet.

Eldar Heide  
 Universitetet i Bergen  
 Nordisk institutt / Senter for mellomalderstudiar (CMS)  
 Villaveien 1A  
 NO-5020 Bergen  
 eldar.heide@nor.uib.no